

Finansielle måltal og økonomiske handlingsreglar



Stad kommune





Kommunelova

§ 14-2. *Kommunestyrets og fylkestingets plikter*

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- *c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*

Når tid og korleis vedtek/rullerer ein disse?

Mai/juni bør vere eit passande tidspunkt, då legg ein fram fjorårets rekneskap og startar neste års planperiode

- Eiga sak til kommunestyret?
- Eller inngår i ei sak kring oppstart av ny planperiode?
- Eller inngå i økonomireglementet? Meir komplisert å rullere?

Kommunekassa eller konsern? Jf kommunelova «*kommunens økonomi*»

Skal eit KF ha egne måltal etter kommunelova?



Kva er finansielle måltal?

Kva er økonomiske handlingsreglar?

Begrepa blir brukt noko vilkårleg?

Her bør ein vere tydelege i det ein vedtek i kommunen

Finansielle måltal

- **mål og resultat for utviklinga i kommunen sin økonomi**

Økonomiske handlingsreglar

- **korleis nå måltala og korleis halde dei over tid**

Ynskjeleg at Statsforvaltaren vurderer korleis kommunen har oppnådd eigne måltal og handlingsreglar

Finansielle måltal og økonomiske handlingsreglar



Stad kommune

Eksempel:

- **Netto driftsresultat** skal i økonomiplanperioden vere på minimum 1,75 % av brutto driftsinntekt.

1,75% er vel eit måltal, men samtidig ein handlingsregel med tanke på disposisjonsfondet.....

Netto driftsresultat

- Netto bruk av bundne fond kan endre seg mykje frå budsjett til rekneskap for same året
- Netto bruk av bundne fond kan variere nokså mykje frå år til år
- Bør ein bruke korrigert netto driftsresultat?

Samandrag hovudoversikt (1000 kr)	2022	2023	2024	2025
Brutto driftsinntekt	-917 000	-923 000	-923 000	-925 000
Netto driftsresultat	3 000	2 000	2 000	1 000
Netto driftsresultat i % av brt. driftsinntekt	-0,33 %	-0,22 %	-0,22 %	-0,11 %
Netto bundne fond	-6 500	-6 000	-5 800	-5 000
Korrigert netto driftsresultat	-3 500	-4 000	-3 800	-4 000
Netto driftsresultat i % av brt. driftsinntekt	0,38 %	0,43 %	0,41 %	0,43 %

Finansielle måltal og økonomiske handlingsreglar



Stad kommune

Eksempel:

- Kommunen sitt disposisjonsfond skal i økonomiplanperioden vere av ein storleik som utgjer minimum **5 % av brutto driftsinntekt**

Brutto driftsinntekt

- Varierer mykje frå budsjett til rekneskap det enkelte år
- Budsjetterer vi med eller utan sjukelønsrefusjon?
- Budsjetterer vi med all bruk av øyremerka tilskot?
- Har vi andre eingongsinntekter eller inntekter som varierer mykje frå år til år?
- Utfordring: Korleis få stabilitet på dette frå budsjettvedtaket i desember år t-1 til rekneskapsvedtaket i år t+1?

Eksempel:

- **Netto renteberande lånegjeld** skal ikkje overstige 75% av brutto driftsinntekt

Viktig å få til ei god oppstilling for å finne renteberande lånegjeld. Finn vi dette i budsjettet på same måten som i rekneskapen, jf at det skal vere mogeleg å kontrollere.

Ver merksam på:

Høg lånegjeld og dermed høg utgift knytt til avdrag på lån.

Gjennomsnittleg levetid på 30 år i balanse.

Då blir utgifta til avdrag den same i 30 år sjølv om ein ikkje tek opp lån dei neste 30 åra.....

Men renteutgifta vil gå ved uendra rentesats.

Finansielle måltal og økonomiske handlingsreglar



Stad kommune

Kommunestyret vedtek følgjande økonomiske handlingsreglar for Stad kommune:

- a) *Nye årlege låneopptak skal gjennomsnittleg over to år ikkje vere større enn det kommunen betalar i årlege avdrag på lån. Låneopptak til sjølvkostområda kan kome i tillegg*
- b) *Kommunen sitt disposisjonsfond skal i økonomiplanperioden vere av ein storleik som utgjer minimum 10 % av frie inntekter som kommunen får frå staten (rammetilskot, inntektsutjamning og skatteinntekter)*
- c) *Korrigert netto driftsresultat skal vere på minimum 1,25 % av samla driftsinntekter innan 2024.*

Dette er ikkje fasiten!

Viktig at tala som inngår i utrekning av måltal og som ligg til grunn for handlingsreglar, er lette å finne

Den politiske handsaminga av budsjettet vil som regel føre til endringar i forhold til kommunedirektøren sitt framlegg. Her vil ofte måltal og handlingsreglar bli påverka.